

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

Til kontrollutvalets medlemmar:

Olaf Håkon Tørresen (leiar), Knut William Bygland (nestleiar), Olav Skeie (medlem),
Camilla Josefine Høibraaten (medlem), Annette Larsson (medlem)

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Måndag 27. november 2023 kl. 09.00, kommunehuset,
kommunestyresalen

SAKSLISTE

SAK 20/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 02.10.23
SAK 21/23 KONTROLLUTVALET'S ÅRSPLAN 2024
SAK 22/23 TILBAKEMELDING EIGARSKAPSKONTROLL SMG IKS
SAK 23/23 REVISOR ORIENTERAR

Orienteringar

Agder Sekretariat – presentasjon, oppgaver, arbeidet i kontrollutvalet
Agder Kommunerevisjon IKS – presentasjon, oppgaver

Praktisk

Kurs, konferanser og opplæring

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalget:

Eventuelt

Bygland, 20. november 2023

Olaf Håkon Tørresen
Leiar

Inger Lise Austrud
Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / ila@asekretariat.no

Kopi til: Ordfører, kommunedirektør, revisor, Jorunn S Tveiten, 1. varamedlem, Setesdølen
Varamedlemmar møter berre etter særskilt innkalling.

Eierkommuner:
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Willy Gill
Telefon: 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 20/23

Møtedato: 27.11.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 20/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 02.10.23

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 02.10.23

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 02.10.23 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 02.10.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 04/23

Dato: 02.10.23 kl. 09.00 – 10.45

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

<u>Til stades:</u> Tor Kasin, leiar Oddvar Omnes, nestleiar Birgit Attestog, medlem Ingrid Homme, vara for Geir Skjevraak, varamedlem Åse Heistein, medlem <u>Forfall:</u> Sven Richard Arnesen, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tommy Pytten , Tor Ole Holbek Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 13/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 26.06.23
- SAK 14/23 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
- SAK 15/23 OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2023 BYGLAND KOMMUNE
- SAK 16/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE AV
KOMMUNENS VERKSEMD OG VERKSEMDA I SELSKAPER –
GRUNNLAG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2023 - 2027
- SAK 17/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE – GRUNNLAG
PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023-2027
- SAK 18/23 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYGLAND KOMMUNE 2024
- SAK 19/23 REVISOR ORIENTERAR

FAST POST

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

EVENTUELT

Underskrift

Tor Kasin
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordfører, kommunedirektør, revisor, Jorunn S Tveiten, 1. varamedlem, Setesdølen

SAK 13/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 26.06.23

Vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 26.06.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 26.06.23

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 26.06.23 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 26.06.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 14/23 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 29.06.23

Bakgrunn for saken:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Bygland kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til området kapitalvarer – justering.

Følgande forhold er kontrollert for fem utvalde byggeprosjekt:

- Dokumentasjon og anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2
- Dokumentasjon av bruken av kapitalvarer, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-3

- *Tilfredsstillende rutine for oppbevaring av dokumentasjon knyttet til anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer, da det her foreligger inntil 15 års oppbevaringstid, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2, 3. ledd*

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldd. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

For øvrig er revisors konklusjon som følger:

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Bygland kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de kontrollerte bestemmelsene i Merverdiavgiftsforskriften §§ 9-1-2 og 9-1-3.

Vurderingar:

Forenkla etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultat frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak. Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møtet orientere om resultatet av forenkla etterlevelseskontroll og svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

SAK 15/23 OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2023 BYGLAND KOMMUNE

Vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2023 for Bygland kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Overordna revisjonsstrategi 2023 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 06.09.23

Bakgrunn for saka:

I følgje kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav a, skal kontrollutvalet sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte.

I forskrift om kontrollutval og revisjon §3 står det at kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og mellom anna sjå til at:

a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor

Orientering om overordna revisjonsstrategi og revisjonens risikovurdering er eit viktig ledd i kontrollutvalets arbeid med å følgje opp påse-ansvaret i forhold til rekneskapsrevisor.

Overordna revisjonsstrategi omfattar heile kommunen og beskriv revisjonens formål, foreløpig risikovurdering, kommunens økonomi, informasjon om kommunens risikostyring og økonomiske internkontroll, fastsetting av vesentlighetsgrense og revisjonsplan. Strategien er det overordna planleggingsdokumentet for gjennomføring av rekneskapsrevisjon.

Revisjonen vil gjennomgå revisjonsstrategien i møte og svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Formålet med kontrollutvalets handsaming av overordna revisjonsstrategi er i hovudsak å ivareta kontrollutvalets påse-ansvar i forhold til rekneskapsrevisjon.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2023 for Bygland kommune til orientering.

**SAK 16/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE AV
KOMMUNENS VERKSEMD OG VERKSEMMA I SELSKAPER –
GRUNNLAG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2023 - 2027**

Vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens verksemd og verksemma i kommunens selskap, for å kunne identifisere kva for nokre sektorar og områder kor det kan vere behov for å gjere forvaltningsrevisjon.

Analysen skal danne grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet i form av å kome med innspel til aktuelle området som kan bli vurdert for forvaltningsrevisjon.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn og formål:

I ny kommunelov (§23-3) fremgår det at kontrollutvalet, minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens verksemd og verksemma i kommunens selskap.

Hensikten med risiko- og vesentlighetsanalysen er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Formålet med risiko- og vesentlighetsanalysen er å framskaffe relevant informasjon om kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å legge ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritera mellom ulike områder kor det kan vera aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon. Målet er å avdekka indikasjonar på avvik eller svakheiter i forvaltninga sett i medhald av lov, forskrift, kommunestyrets vedtak og forutsetningar.

Det er viktig i arbeidet med analysen at ein sikrar brei involvering når ein innhentar informasjon. Kontrollutvalet bør spele ein aktiv rolle undervegs i arbeidet med analysen.

Ein finn det naturleg at risiko og vesentlighetsanalysen gjennomførast av kommunens revisor, sjølv om den etter forskrifta og kan utførast av andre. Sekretariatet utarbeider forslag til plan for forvaltningsrevisjon basert på analysen og eventuelle innspel frå utvalets medlemmar.

Kontrollutvalet kan allereie nå kome med innspel til områder som ein ønsker vurdert i analysen.

Vurdering:

Dersom ein vel å bestille analyser nå, vil det nye kontrollutvalet raskare kunne utarbeide planar som vil danne grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i neste valperiode.

Sekretariatet erfarer at det for kontrollutvala opplevast lenge å vente til ein kan foreta bestilling av prosjekt når planane ikkje vert vedtekne før på hausten året etter valåret. Dersom analysen vert bestilt og igangsett tidlegare kan det nye kontrollutvalet handsame framlegg til planar tidlegare enn før, og ein kan då kome i gong med prosjekt ca. eit halvt år tidlegare enn elles.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap, for å kunne identifisere kva for nokre sektorar og områder kor det kan vere behov for å gjere forvaltningsrevisjon.

Analysen skal danne grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet i form av å kome med innspel til aktuelle området som kan bli vurdert for forvaltningsrevisjon.

**SAK 17/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE –
GRUNNLAG PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023-2027**

Vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens eigarskap. Analysen skal danne grunnlag for plan for eigarskapskontroll for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn:

I ny kommunelov (§23-3) fremgår det at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eigarskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsanalysen er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll.

Det er nytt i ny kommunelov at det skal lagast ein eigen plan for eigarskapskontroll lausrivet frå behovet for forvaltningsrevisjon i selskap.

Ein finn det naturleg at risiko og vesentlighetsanalysen gjennomførast av kommunens revisor, sjølv om den etter forskrifta og kan utførast av andre. Sekretariatet utarbeider forslag til plan for eigarskapskontroll basert på analysen og eventuelle innspel frå utvalets medlemmar.

Vurderingar:

Dersom ein vel å bestille analyser nå for gjennomføring, vil det nye kontrollutvalet raskare kunne utarbeide planar som vil danne grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i neste valperiode.

Sekretariatet erfarer at det for kontrollutvala opplevast lenge å vente til ein kan foreta bestilling av prosjekt når planane ikkje vert vedtekne før på hausten året etter valåret. Dersom analysen vert bestilt og igangsett tidlegare kan det nye kontrollutvalet handsame framlegg til planar tidlegare enn før, og ein kan då kome i gong med prosjekt tidlegare.

Generelt har det vore slik at kontrollutvala i større grad har prioritert gjennomføring av forvaltningsrevisjon framfor eigarskapskontroll. I analysen/plan for eigarskapskontroll bør kanskje moglegheita for å gjennomføre ein overordna eller felles eigarskapskontroll blir vurdert nærare.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens eigarskap. Analysen skal danne grunnlag for plan for eigarskapskontroll for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet.

**SAK 18/23 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYGLAND KOMMUNE
2024**

Vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bygland kommune for 2024 på kr 978 500*
- 2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlagte saksdokument:

- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat
- Agder Kommunerevisjon IKS – delbudsjett Bygland 2024

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget inneheld difor lovpålagte oppgåver. Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudgrupper; kontrollutvalet sine utgifter, utgifter til revisjonstenester og til sekretariat.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets Veileder om kontrollutvalets rolle og oppgåver s. 16, seier bl.a. at: Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere kontrollutvalets egne kostnader og kostnader knytt til revisjonsaktiviteter.

Videre står det noko om kven som kan gjera endringar i kontrollutvalets budsjett: Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal difor uendra følge det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har naudsynt informasjon om kva for eit budsjett kontrollutvalet treng for å utøve sin funksjon. Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av revisjonsselskapet og sekretariatet for kontrollutvala, vert desse fastsett av hhv. representantskapet for revisjonen og av styret for sekretariatet og kan berre endrast av desse.

Agder Sekretariat, vedteke budsjett.

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, samt arkivhald med meir. Styret i Agder Sekretariat vedtok budsjettet i møte 20.06.2023.

Agder Sekretariat har 13 eigar- og deltakarkommunar etter kommunesamanslåingane frå 01.01.20, medan det tidlegare var 16 kommunar.

Løns- og prisveksten i 2023 ser ut til å bli høgare enn forventa. Det er stor usikkerheit knytt til lønns- og prisutviklinga i 2024. Totalt sett er det lagt inn en vekst i budsjettet for 2024 på 5%.

I samband med organisasjonsendring frå §27-samarbeid etter gamal kommunelov til kommunalt oppgåvefellesskap etter ny kommunelov med verknad frå 01.11.23, er det og innført ny modell for fordeling av sekretariatets utgifter. Kriteria for fordeling av utgiftene er ein fast del, samt ein variabel del som vert berekna med utgangspunkt i antal innbyggjarar og antal møte i kontrollutvala. Det foretast avrekning året etter budsjettåret slik at sekretariatets utgifter vert fordelt ut frå avlagt rekneskap og oppdaterte tal for antal innbyggjarar og antal møte.

Det er budsjettert med fem møte i kontrollutvalet i 2024.

Den nye berekningsmodellen medfører at driftstilskotet for Bygland kommune til Agder Sekretariat vert auka frå kr. 151.000 i 2023 til kr. 157.000 i 2024.

Vedteke driftstilskot for den enkelte deltakarkommune kjem fram av tabellen nedanfor.

Tabell: Utvikling i deltakertilskudd

Deltakerkommune	Tilskudd 2024 (B)*	Tilskudd 2023	Tilskudd 2022
Evje og Hornnes	Kr. 175.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500
Bygland	Kr. 157.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500
Bykle	Kr. 156.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500
Farsund	Kr. 216.000	Kr. 196.000	Kr. 181.900
Flekkefjord	Kr. 211.000	Kr. 196.000	Kr. 181.900
Hægebostad	Kr. 161.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500
Iveland	Kr. 158.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500
Kvinesdal	Kr. 190.000	Kr. 179.000	Kr. 179.000
Lindesnes	Kr. 319.000	Kr. 325.000	Kr. 311.300
Lyngdal	Kr. 233.000	Kr. 234.000	Kr. 218.200
Sirdal	Kr. 161.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500
Valle	Kr. 157.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500
Åseral	Kr. 155.000	Kr. 151.000	Kr. 140.500

*) Avrundet til nærmeste hele 1000 kr.

For nærmare informasjon viser ein til vedlagt budsjett for Agder Sekretariat.

Agder Kommunerevisjon IKS:

I medhald av lov om interkommunale selskap § 18 og 20 skal representantskapet vedta budsjett for komande kalenderår og ei gong i året vedta selskapets økonomiplan.

I medhald av selskapsavtalen ligg det til representantskapets mynde å vedta budsjett og økonomiplan, herunder å bestemme den nærmare fordelinga av utgifter på den enkelte kommune og verksemd. Vedteke budsjett/økonomiplan skal sendast eigarane innan 10. oktober før budsjettåret for innarbeiding i deltakarkommunens årsbudsjett.

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2024 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Der det er lagt inn ei auke i tilskotet til revisjonen frå kr 592 000 til kr 625 000, som er ei auke med 5,5 % frå året før.

I tillegg kjem kr 56 500 til forenkla etterlevelsesk kontroll. Samla revisjonstilskot for 2024 utgjør dermed kr 681 500.

Tilskotet skal dekke rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m.

For ytterlegare informasjon om budsjettet syner ein til det vedlagte delbudsjett frå

revisjonen.

Revisjonen vil vere til stades i møte og kan kommentere budsjettet ytterlegare og svare på eventuelle spørsmål.

Kontrollutvalet sine utgifter:

Budsjettet for kontrollarbeidet skal omfatte kontrollutvalets samla verksemd.

Som tidlegare er det en eigen post i budsjettforslaget til *godtgjersler og tapt arbeidsforteneste*. På denne posten er det foreslått ein auke til kr 25.000

Posten til *kurs og opplæring* av kontrollutvalets medlemmar er foreslått auka frå kr. 25.000 til kr. 40.000. Dette vert begrunna med at det er vanleg at fleire medlemmar reiser på den årlege kontrollutvalskonferansen i regi av NKRF, generell prisstigning og ekstra behov til opplæring/kurs i og med at det er fyrste år i ny valperiode.

Det er lagt inn ein ny, mindre post til *bevertning* på kr. 5.000.

Til sist er det posten andre konsulenttenester. Denne posten vert årleg brukt av revisjonen til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre undersøkingar. Denne posten har gjennom fleire år blitt brukt til dette for å oppretthalde eit nivå med to forvaltningsrevisjonar, ein eigarskapskontroll og ein risiko og vesentlighetsvurdering i kvar fire års periode.

Budsjettframlegget:

Det framlagte budsjettframlegg for kontrollarbeidet bygger på:

- Førre års budsjetttramme
- Delbudsjett Bygland for Agder Kommunerevisjon IKS for 2024
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2024

Kontrollbudsjett Bygland kommune	Budsjettframlegg 2024	Vedteke budsjett 2023
Tilskot til revisjonen	Kr. 681.500	Kr. 645.500
Kommunen sin del av sekretariatstenester	Kr. 157.000	Kr. 151.000
Kontrollutvalets utgifter:		
Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste m.m.	Kr. 25.000	Kr. 18.000
Kurs og opplæring:	Kr. 40.000	Kr. 25.000
Bevertning:	Kr. 5.000	Kr.
Andre konsulenttenester: (ekstra ressursar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll mv.)	Kr. 70.000	Kr. 70.000
Totalbudsjett	Kr. 978.500	Kr. 909.500

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bygland kommune for 2024 på kr 978 500
2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.

SAK 19/23 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Er i planleggingsfase og skal i gong med løpande revisjon.

Nytt rekneskapssystem i kommunen frå 2024.

Legetenesta:

Revisor orienterte utvalet om dialog og tolking av samarbeidsavtalen mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune. Kontrollutvalet ber revisor kome med ei skriftleg tilbakemelding innan utgangen av 2023.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

FAST POST

Vidare arbeid i kontrollutvalet: Fyrst møte i nytt kontrollutval 20.11.23

EVENTUELT

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 21/23

Møtedato: 27.11.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 21/23 KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN 2024

Vedlegg:

Framlegg til årsplan for 2024

Bakgrunn for saka:

Det er etablert ein praksis med å utarbeide ein årsplan for kontrollutvalet.

Sekretariatet har utarbeidd eit forslag til årsplan som vert lagt fram for godkjenning i utvalet.

Årsplanen er ikkje å forstå som ein fullstendig presentasjon av alle dei oppgåver/saker som kontrollutvalet vil handsame i løpet av året, men legger vekt på dei oppgåver som utvalet etter lov og forskrift er pålagt å handsame.

I tillegg til dei ordinære sakene vil det i løpet av året også dukke opp førespurnader og problemstillingar som vert gjenstand for drøfting i utvalet.


Kontrollutvalet oppfordrast til å komme med innspel til planen og bes vurdere moglege orienteringar.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til kontrollutvalets årsplan for 2024 vert vedteke.

Bygland kommune

Kontrollutvalets årsplan 2024



INNLEDNING

Kommunestyret har etter kommunelova § 22 det øvste ansvaret for å kontrollere kommunens verksemd. Etter kommunelovas § 23-1 vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som skal føre løpande tilsyn på deira vegne.

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eit kvart dokument og gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene. Kontrollutvalet skal likevel ikkje overprøve politiske beslutningar og har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret.

KONTROLLUTVALETS VERKSEMD

Kontrollutvalets møter vert haldne i kommunehuset i Bygland, i kommunestyresalen. Møta startar kl. 09.00 og er opne for alle.

Utvalet har fastsett møteplan for 2024 og det vert lagt opp til 5 møte. Ved behov vert det avhalde fleire møte.

For å sikre at kontrollutvalet er uavhengig av både administrasjon og revisjon skal utvalet i tråd med kommunelova §23-7 ha ein eigen administrasjon. Dette vert ivareteke av Agder Sekretariat som har ansvar for at sakane er forsvarleg utgreia og at utvalets vedtak vert iverksett.

KONTROLLUTVALGETS OPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunens rekneskapar vert revidert på ein betryggande måte. Kontrollutvalet skal også gi uttale til kommunestyret om årsrekneskapan. Denne uttalen skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyret.

Kontrollutvalets oppgåver ved forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen vert driven på ein måte som ivareteke innbyggjaranes behov på ein best mogleg måte. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte. Forvaltningsrevisjon vil ha høg nytteverdi, både i utvalets kontrollverksemd, og i kommunens internkontroll og forbetningsarbeid.

Kontrollutvalet vil løpande rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret, samt sjå til at dei vedtak som kommunestyret fattar ved handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapporter vert følgt opp.

Ifølge kommunelova § 23-4 inneberer eigarskapskontroll «å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipp

for eigarstyring».

Når eit selskap har fleire eigarar er det som oftast formålstenleg å samordne felles eigarskapskontroll mellom eigarkommunane. Sekretariatet vil bidra med nødvendig samordning i kontrollutvala som bestiller.

Øvrige saker

Oppgåvene nemnt ovanfor utgjer den mest ressurskrevjande delen av kontrollutvalets kontroll med forvaltninga og gjennomførast ved at utvalet gjer bestillingar hos revisjonen.

Utover dette handsamar kontrollutvalet mellom anna følgande saker:

- Bestillingar frå kommunestyret
- Fremme forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen
- Uavhengighetserklæringar frå revisor
- Planlagt revisjonsarbeid
- Gjennomført revisjonsarbeid
- Nummererte brev frå revisor
- Forenkla etterlevelsesk kontroll
- Rapportar frå statlege tilsynsorgan og kommunens oppfølging
- Verksemdsbesøk
- Orienteringar frå administrasjonen om aktuelle tema
- Førespurnader frå innbyggjarar
- Saker utvalet ønsker å ta opp på eige initiativ

Kompetanse og opplæring

Kontrollutvalets oppgåver er mange og til dels krevjande. Kunnskap om kontrollutvalets rolle og oppgåver er nødvendig for å utføre dei oppgåvene som ligg til utvalet.

Kontrollutvalet vert årleg invitert til mellom anna landskonferansen for kontrollutval i regi av NKRF – kontroll og tilsyn i kommunane og/eller Forum for kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er samlingar som gir økt kunnskap, inspirerer og gir moglegheit for å knytte kontakt med andre kontrollutval. Opplæring kan også skje lokalt gjennom økt fokus på tema i møta og lokal konferanse i regi av Agder Sekretariat.

Kontrollutvalets møteplan 2024

Aktivitetar/Saker	05.02	22.04	03.06	07.10	18.11
Godkjenning av protokoll	x	x	x	x	x
Referatsaker	x	x	x	x	x
Orienteringar					
Årsmelding for kontrollutvalet 2023	x				
Årsplan for kontrollutvalet 2025					x
Årsrekneskap og årsberetning 2023		x			
Uavhengighetserklæringar frå revisor		x			
Revisjonsstrategi 2024				x	
Risiko og vesentlighetsvurdering forenkla	x				

Årsplan for kontrollutvalet 2024

etterlevelseskontroll					
Rapport forenkla etterlevelseskontroll				x	
Budsjett for kontrollarbeidet 2025				x	
Verksemdsbesøk					
Interim/planlegging				x	
Forvaltningsrevisjonsrapport					
Eigarskapskontroll					
Revisor orienterar	x	x	x	x	x
Eventuelt	x	x	x	x	x

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 22/23

Møtedato: 27.11.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 22/23 TILBAKEMELDING EIGARSKAPSKONTROLL SMG IKS

Vedlegg:

Tilbakemelding frå kommunedirektør på eigarskapskontroll SMG IKS

Tilbakemelding frå dagleg leiar SMG IKS

Bakgrunn:

Eigarskapskontrollen i SMG IKS, vart handsama i kommunestyret 09.11.23.

Kommunestyret vedtok følgande:

Kommunestyret tar rapporten «Eigarskapskontroll Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS» frå Agder Kommunerevisjon IKS til orientering.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet følge opp tilrådingane i rapporten.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet rapportere skriftleg til kontrollutvalet om korleis revisors tilrådingar er følgt opp innan 20. september 2023.

Eigarskapskontroll er ein del av kontrollutvalets kontrollverksemd, jf. kommunelova § 23-4. Eigarskapskontroll er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet og utvalet skal sjå til at det vert gjennomført kontroll med den som utøver kommunens eigarinteresse og utøver mynde og på den måte som er fastsett i den aktuelle verksemda. I kontrollen inngår også ei vurdering av den som utøver eigarinteressene gjer dette i samsvar med kommunens vedtak og forutsetningar for forvaltninga av kommunens eigarinteresser.

Anbefalingar

På grunnlag av dei funn og vurderingar som er gjort av revisjonen i eigarskapskontrollen, kom revisjonen med desse anbefalingane: (Tilbakemeldingane i *kursiv*)

- Revisjonen anbefaler kommunen at det gis god folkevalgtopplæring om eierskap og eierstyring, jf pkt 5.3.

Når det gjelder det første punktet om folkevalgtopplæring vil dette ivaretas i folkevalgtopplæringen del 2 i Bygland etter jul. Det vil bli gitt en oversikt og innledning på de ulike samarbeidene vi har i dag i første del av opplæringen 7 og 8 desember.

- Revisjonen anbefaler at i og med at det utarbeides eierskapsmeldinger i hver valgperiode jf koml § 26-1, så bør man foreta en årlig rapportering til kommunestyret om økonomi og viktige saker i selskapet, jf pkt 5.4.

Vi er i tvil om hvem som skal foreta denne rapportering, vi mener at det er kommuneadministrasjonen som skal utarbeide en rapport som liggjes frem for de respektive kommunestyrene.

Selskapet utarbeider årsberetning og årsregnskap hvert år. I årsberetningen er de viktigste ting tatt opp dette gjelder både økonomi og andre saker som er av stor betydning for selskapet. SMG stiller imidlertid gjerne i kommunestyret og informerer i samband med gjennomgang av en rapport på dette området eller i andre sammenheng.

- Revisjonen anbefaler at selskapsavtalen oppdateres med lovhenvising etter ny kommunelov ved neste revisjon jf pkt 5.5.

SMG foretar en gjennomgang av selskapsavtalen og ser til at denne oppdateres med korrekte lovhenvisinger. Det vil samtidig bli vurdert om det er andre endringer som bør gjennomføres.

Dersom nødvendig vil selskapsavtalen bli behandlet i representantskapet i representantskapsmøte i desember, hvoretter den oversendes kommunene for godkjenning.

Med hensyn til rettelsene i forhold lovhenvising mener vi ikke dette trenger behandles i kommunestyrene.

- Revisjonen anbefaler at kommunen vurderer å avholde eiermøter ut over representantskapsmøtene, for å sikre gjensidig informasjon mellom eierkommune og selskap, jf pkt 5.6

Selskapet vil fremover kalle inn til eiermøte to ganger i året. Av hensyn til planlegging og deltagelse vil disse bli lagt i forlengelse av de ordinære representantskapsmøter.

- Revisjonen anbefaler at man etablerer rutiner for vurdering og håndtering av habilitet i styret jf pkt 5.9.

Selskapet etablerer skriftlige rutiner for habilitetsvurdering. I innkalling til styremøter vil det fremover være en anmodning til styrerepresentantene om å vurdere sin habilitet i forhold til sakene i innkallingen.

- Revisjonen anbefaler at kommunen foretar en prinsipiell avklaring av godtgjøring for styreverv jf pkt 5.10.

Se komunedirektørens tilbakemelding nederst i saken.

- Innføre en ordning som sikrer at styreverv rutinemessig blir innmeldt i KS styrevervregister, jf pkt 5.11.

SMG meldes i KS styrevervregister og ser til at medlemmer blir registrert i styrevervregisteret.

- Revisjonen anbefaler at rekruttering til styret ikke bør begrenses til kommunalt ansatte jf pkt 5.14

Eierkommunene har valgt en valgkomité som har ansvar for sammensetting av styrekandidater. Det er kommunestyrene som må ligge føringer til valgkomitéen om denne kan hente inn ekstern styrekompetanse.

Se i tillegg komunedirektørens tilbakemelding nederst i saken.

- Revisjonen anbefaler at det nedtegnes i eierstrategi at det skal gjennomføres årlige styreevalueringer, jf pkt 5.15.

Styret i SMG vil innføre rutine gjennomføre en årlig egenevaluering av styret sitt arbeid.

- Revisjonen anbefaler at man ved revisjon av selskapsavtalen vurderer en ordning hvor man oppnevner numeriske vararepresentanter jf pkt 5.16.

SMG vil ved revidering av selskapsavtalen fremme forslag til endring i selskapsavtalen §8 om at det innføres numeriske varamedlemmer til styret i stedet for personlige varamedlemmer. Dette er en endring i selskapsavtalen som vi mener må behandles i eierkommunene.

- Revisjonen anbefaler at Bygland kontrollutvalg og kommunens revisor blir varslet fra kommunen om representantskapsmøter i SMG, jf. pkt 5.18.

Jevnfør teksten er det kommunen sitt ansvar å varsle kontrollutvalget og revisor om avholdelse av representantskapsmøte i SMG.

I forbindelse med innkalling til representantskapsmøte sender SMG innkallingen til eierkommunene/v. komunedirektøren. Samme innkalling har vanligvis også blitt sendt revisor.

Komunedirektørens tilbakemelding:

Når det gjelder punktene som er understreket vises det til et pågående arbeid i komunedirektørutvalget i Setesdal. Utvalget vedtok i møte 23.10.23 følgende:

Prinsippdiskusjon vedrørende bruk av interne vs. eksterne i styrer for IKS og andre kommunale selskaper, samt størrelse på vederlag

Bakgrunnen for saken er SMG revisjonen. Det ble en innledende prinsipiell diskusjon rundt godtgjøring av verv og sammensetning av styrer. Ett av momentene som ble presisert var viktigheten av å sikre kommunal kompetanse inn i styrer for kommunal virksomhet. IKSene er nettopp det – kommunal virksomhet.

Enighet om å sammenfatte og gi et foreløpig svar på SMG revisjonen. Spørsmål om godtgjøring, styresammensetning og kompetanse tas inn i arbeidet under neste sak.

Arbeidet med eierstyring/oppfølging av IKSer. Legge plan for fremdrift

Komunedirektørene i Valle, Bygland og Bykle kommer tilbake med et forslag til innhold og fremdriftsplan til neste møte i utvalget.

Dette er fulgt opp i påfølgende møte og det jobbes nå med rutiner for sikre bedre oppfølging av IKSene fra kommunenes side, samt at det blir gjort vurderinger knyttet til styresammensetning og lønn. Det er et ønske fra utvalget at dette skal være utarbeidet i fellesskap, og for å utarbeide noe som er grundig nok trenger utvalget noen måneder. Dette er derfor et foreløpig svar. Endelig svar er klart i løpet av første kvartal 2024.

Kommunedirektør er invitert til møte for å orientere om kommunens oppfølging av anbefalingane.

Vurdering:

Det å bidra til forbedring er et viktig aspekt for kontrollutvalget ved gjennomføring av eierskapskontroll. Sekretariatet har ingen spesielle merknader til tilbakemeldingen på oppfølgingen av anbefalingene i rapporten.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek tilbakemelding på eigarskapskontroll SMG IKS til orientering.

Kontrollutvalget Bygland kommune

Viser til eierskapskontroll i Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS (SMG). Vi hadde rapporten fra eierskapskontrollen oppe til drøfting i styremøte 13.09. 2023 - under er vår tilbakemelding på anbefalingene som revisjonen i eierskapskontrollen har gitt til kommunen/SMG. Anbefalingene er i utgangspunkt gitt til kommunene, men vi finner det naturlig at anbefalinger som SMG kan gjennomføre, vil vi imøtekomme/iverksette så fort det lar seg gjøre.

I teksten under er revisjonens anbefalinger satt opp punktvis med vår tilbakemelding til hvert enkelt punkt (rødt). Skulle det være noe som ønskes utdypet nærmere er det bare å ta kontakt.

Mvh.

Svend Aage Petersen
Daglig leder
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS

Revisjonens anbefalinger med tilhørende tilbakemeldinger

- Revisjonen anbefaler kommunen at det gis god folkevalgtopplæring om eierskap og eierstyring, jf pkt 5.3.

Jevnfør teksten er dette kommunen sitt ansvar.

- Revisjonen anbefaler at i og med at det utarbeides eierskapsmeldinger i hver valgperiode jf koml § 26-1, så bør man foreta en årlig rapportering til kommunestyret om økonomi og viktige saker i selskapet, jf pkt 5.4.

Vi er i tvil om hvem som skal foreta denne rapportering, vi mener at det er kommuneadministrasjonen som skal utarbeide en rapport som liggis frem for de respektive kommunestyrene.

Selskapet utarbeider årsberetning og årsregnskap hvert år. I årsberetningen er de viktigste ting tatt opp dette gjelder både økonomi og andre saker som er av stor betydning for selskapet. SMG stiller imidlertid gjerne i kommunestyret og informerer i samband med gjennomgang av en rapport på dette området eller i andre sammenheng.

- Revisjonen anbefaler at selskapsavtalen oppdateres med lovhenvising etter ny kommunelov ved neste revisjon jf pkt 5.5.

SMG foretar en gjennomgang av selskapsavtalen og ser til at denne oppdateres med korrekte lovhenvisinger. Det vil samtidig bli vurdert om det er andre endringer som bør gjennomføres.

Dersom nødvendig vil selskapsavtalen bli behandlet i representantskapet i representantskapsmøte i desember, hvoretter den oversendes kommunene for godkjenning. Med hensyn til rettelsene i forhold lovhenvising mener vi ikke dette trenger behandles i kommunestyrene.

- Revisjonen anbefaler at kommunen vurderer å avholde eiermøter ut over representantskapsmøtene, for å sikre gjensidig informasjon mellom eierkommune og selskap, jf pkt 5.6

Selskapet vil fremover kalle inn til eiermøte to ganger i året. Av hensyn til planlegging og deltagelse vil disse bli lagt i forlengelse av de ordinære representantskapsmøter.

- Revisjonen anbefaler at man etablerer rutiner for vurdering og håndtering av habilitet i styret jf pkt 5.9.

Selskapet etablerer skriftlige rutiner for habilitetsvurdering. I innkalling til styremøter vil det fremover være en anmodning til styrerepresentantene om å vurdere sin habilitet i forhold til sakene i innkallingen.

- Revisjonen anbefaler at kommunen foretar en prinsipiell avklaring av godtgjøring for styreverv jf pkt 5.10.

Dette er det kommunen som må ta ansvar for.

- Innføre en ordning som sikrer at styreverv rutinemessig blir innmeldt i KS styrevervregister, jf pkt 5.11.

SMG meldes i KS styrevervregister og ser til at medlemmer blir registrert i styrevervregisteret.

- Revisjonen anbefaler at rekruttering til styret ikke bør begrenses til kommunalt ansatte jf pkt 5.14

Eierkommunene har valgt en valgkomité som har ansvar for sammensetting av styrekandidater. Det er kommunestyrene som må ligge føringer til valgkomiteen om denne kan hente inn ekstern styrekompetanse.

- Revisjonen anbefaler at det nedtegnes i eierstrategi at det skal gjennomføres årlige styreevalueringer, jf pkt 5.15.

Styret i SMG vil innføre rutine gjennomføre en årlig egenevaluering av styret sitt arbeid.

- Revisjonen anbefaler at man ved revisjon av selskapsavtalen vurderer en ordning hvor man oppnevner numeriske vararepresentanter jf pkt 5.16.

SMG vil ved revidering av selskapsavtalen fremme forslag til endring i selskapsavtalen §8 om at det innføres numeriske varamedlemmer til styret i stedet for personlige varamedlemmer. Dette er en endring i selskapsavtalen som vi mener må behandles i eierkommunene.

- Revisjonen anbefaler at Bygland kontrollutvalg og kommunens revisor blir varslet fra kommunen om representantskapsmøter i SMG, jf pkt 5.18.

Jevnfør teksten er det kommunen sitt ansvar å varsle kontrollutvalget og revisor om avholdelse av representantskapsmøte i SMG.

I forbindelse med innkalling til representantskapsmøte sender SMG innkallingen til eierkommunene/v. kommunedirektøren. Samme innkalling har vanligvis også blitt sendt revisor.

Fra: [John Salve Sigridnes](#)
Til: [Inger Lise Austrud](#)
Emne: SV: Møte kontrollutvalget
Dato: onsdag 15. november 2023 20:56:00

Hei Inger Lise.
Svaret følger under:

Kommunedirektøren viser til sak 11/23 EIGARSKAPSKONTROLL SETESDAL MILJØ OG GJENVINNING

Saken ble behandlet i kommunestyret i Bygland 9. november 2023. Revisjonens anbefalinger er i kursiv under.

Revisjonen anbefaler kommunen at det gis god folkevalgtopplæring om eierskap og eierstyring, jf pkt 5.3.

- Revisjonen anbefaler at i og med at det utarbeides eierskapsmeldinger i hver valgperiode jf koml § 26-1, så bør man foreta en årlig rapportering til kommunestyret om økonomi og viktige saker i selskapet, jf pkt 5.4.

- Revisjonen anbefaler at selskapsavtalen oppdateres med lovhenvising etter ny kommunelov ved neste revisjon jf pkt 5.5.

- Revisjonen anbefaler at kommunen vurderer å avholde eiermøter ut over representantskapsmøtene, for å sikre gjensidig informasjon mellom eierkommune og selskap, jf pkt 5.6

- Revisjonen anbefaler at man etablere rutiner for vurdering og håndtering av habilitet i styret jf pkt 5.9.

- Revisjonen anbefaler at kommunen foretar en prinsipiell avklaring av godtgjøring for styreverv jf pkt 5.10.

- Innføre en ordning som sikrer at styreverv rutinemessig blir innmeldt i KS styrevervregister, jf pkt 5.11.

- Revisjonen anbefaler at rekruttering til styret ikke bør begrenses til kommunalt ansatte jf pkt 5.14

- Revisjonen anbefaler at det nedtegnes i eierstrategi at det skal gjennomføres årlige styreevalueringer, jf pkt 5.15.

- Revisjonen anbefaler at man ved revisjon av selskapsavtalen vurderer en ordning hvor man oppnevner numeriske vararepresentanter jf pkt 5.16.

- Revisjonen anbefaler at Bygland kontrollutvalg og kommunens revisor blir varslet fra kommunen om representantskapsmøter i SMG, jf. pkt 5.18.

flere av disse punktene er svart ut av daglig leder etter drøfting i styremøte i selskapet den 23.09.23.

Når det gjelder punktene som er understreket vises det til et pågående arbeid i kommunedirektørutvalget i Setesdal. Utvalget vedtok i møte 23.10.23 følgende:

Prinsippdiskusjon vedrørende bruk av interne vs. eksterne i styrer for IKS og andre kommunale selskaper, samt størrelse på vederlag

Bakgrunnen for saken er SMG revisjonen. Det ble en innledende prinsipiell diskusjon rundt godtgjøring av verv og sammensetning av styrer. Ett av momentene som ble presisert var viktigheten av å sikre kommunal kompetanse inn i styrer for kommunal virksomhet. IKSene er nettopp det – kommunal virksomhet.

Enighet om å sammenfatte og gi et foreløpig svar på SMG revisjonen. Spørsmål om godtgjøring, styresammensetning og kompetanse tas inn i arbeidet under neste sak.

Arbeidet med eierstyring/oppfølging av IKSer. Legge plan for fremdrift

Kommunedirektørene i Valle, Bygland og Bykle kommer tilbake med et forslag til innhold og fremdriftsplan til neste møte i utvalget.

Dette er fulgt opp i påfølgende møte og det jobbes nå med rutiner for sikre bedre oppfølging av IKSene fra kommunenes side, samt at det blir gjort vurderinger knyttet til styresammensetning og lønn. Det er et ønske fra utvalget at dette skal være utarbeidet i fellesskap, og for å utarbeide noe som er grundig nok trenger utvalget noen måneder. Dette er derfor et foreløpig svar. Endelig svar er klart i løpet av første kvartal 2024.

Når det gjelder det første punktet om folkevalgtopplæring vil dette ivaretas i folkevalgtopplæringen del 2 i Bygland etter jul. Det vil bli gitt en oversikt og innledning på de ulike samarbeidene vi har i dag i første del av opplæringen 7 og 8 desember.

Mvh.

John S. Sigridnes

Kommunedirektør

Bygland kommune

T: 99 09 46 63

Fra: Inger Lise Austrud <inger.lise.austrud@asekretariat.no>

Sendt: tirsdag 14. november 2023 08:17

Til: John Salve Sigridnes <John.Salve.Sigridnes@bygland.kommune.no>

Emne: Møte kontrollutvalget

Hei,

Kontrollutvalget skal ha sitt første møte mandag 27.11.23 og der kommer sak om oppfølging av eierskapskontroll til behandling.

Kan du oversende meg kommunedirektørens tilbakemelding på denne?

Jeg sender etter planen ut innkallingen til fredag.

Hører i fra deg igjen.

Med vennlig hilsen
Agder Sekretariat

Inger Lise Austrud
Rådgiver
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 23/23

Møtedato: 27.11.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 23/23 REVISOR ORIENTERAR

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.